

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	23/22	09.02.2022

Fråsegn til kommuneplanen sin samfunnsdel - Alver kommune

Forslag til vedtak

1. Alver kommune har gjort eit godt arbeid i å sikre lokal forankring gjennom breie og innovative medverknadsprosessar, som ligg til grunn for arbeidet med å setja mål og strategiar for utviklinga.
2. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget, sjølv om det ikkje er nemnd korleis dei ulike verdiane skal vektast eller korleis ein skal evaluere måloppnåing. Planen tar og opp i seg mange av måla nedfelt i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*.
3. Planen nemner i liten grad omsynet til klima og natur, og korleis vi skal nå null-utslippsamfunnet. Vi oppmodar om det vert sett tydelegare mål for utslepp, klimatilpassing og energibruk. Det bør og inkluderast konkrete arealstrategiar på klimaområdet.
4. Det er utarbeidd gode og detaljerte arealstrategiar i planen. Dette er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga, og å binde saman samfunnsdelen med arealdelen.
5. Vi rår til at kommunen arbeider i eit system som skal sikra koplinga mellom mål og strategiar i samfunnsdelen, til gjennomføring via handlingsprogram og prioriteringar i økonomiplanarbeidet.
6. Samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla sett i vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen ved å inkludere følgjande strategi: «*Samfunnsutviklinga skal sikre og bidra til å nå miljømåla som er sett i vassforvaltningsplanen/vann-nett for elvar, bekker, innsjøar, kystvatn og grunnvatn.*»
7. Kommunen har gjort eit grundig arbeid med utvikling av ein senterstruktur, som skal følgjast opp i arealdelen. Vi rår til at det vert innarbeidd noko om utstrekninga av sentersonene, i samsvar med retningslinjer i regional plan for attraktive senter i Hordaland.
8. Under punkt 6.3 «Kvalitetar i sentera» ber vi om at ein tek inn eit kulepunkt som presiserer at sentera skal ta vare på kulturmiljø og kulturlandskap og utviklast med omsyn til det historiske utviklinga av området.
9. Under punkt 6.2 Prinsipp for etablering av bustad nummer to på gardsbruk, må konkretiserast slik at føremålet om ivaretaking av sårbare kulturminne kjem eintydig fram.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2022

Representantane **Morten Klementsén (UA)**, **Nina Bognøy (A)** og fylkesordførar **Jon Askeland (SP)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi dei er folkevalde i Alver kommune. Klementsén, Bognøy og Askeland

gjekk frå under spørsmålet om dei var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at alle tre var habile. Klementsens, Bognøy og Askeland tiltredde saksbehandlinga.

Terje Søviknes (FRP) sette fram slikt forslag:

«Endring

Andre setning i punkt 7 går ut.»

Avrøysting

Innstillinga unnateke punkt 7 andre setning vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk 7 røyster (FP, FRP, H, UA) og fall mot 10 røyster for punkt 7 andre setning i fylkesdirektøren sitt forslag og vart vedteke.

Vedtak

1. Alver kommune har gjort eit godt arbeid i å sikre lokal forankring gjennom breie og innovative medverknadsprosessar, som ligg til grunn for arbeidet med å setja mål og strategiar for utviklinga.
2. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget, sjølv om det ikkje er nemnd korleis dei ulike verdiane skal vektast eller korleis ein skal evaluere måloppnåing. Planen tar og opp i seg mange av måla nedfelt i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*.
3. Planen nemner i liten grad omsynet til klima og natur, og korleis vi skal nå null-utslippsamfunnet. *Vi oppmodar om det vert sett tydelegare mål for utslepp, klimatilpassing og energibruk. Det bør og inkluderast konkrete arealstrategiar på klimaområdet.*
4. Det er utarbeidd gode og detaljerte arealstrategiar i planen. Dette er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga, og å binde saman *samfunnsdelen med arealdelen.*
5. *Vi rår til at kommunen arbeider i eit system som skal sikra koplinga mellom mål og strategiar i samfunnsdelen, til gjennomføring via handlingsprogram og prioriteringar i økonomiplanarbeidet.*
6. *Samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla sett i vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen ved å inkludere følgjande strategi: «Samfunnsutviklinga skal sikre og bidra til å nå miljømåla som er sett i vassforvaltningsplanen/vann-nett for elvar, bekker, innsjøar, kystvatn og grunnvatn.»*
7. *Kommunen har gjort eit grundig arbeid med utvikling av ein senterstruktur, som skal følgjast opp i arealdelen. Vi rår til at det vert innarbeidd noko om utstrekninga av sentersonene, i samsvar med retningslinjer i regional plan for attraktive senter i Hordaland.*
8. *Under punkt 6.3 «Kvalitetar i sentera» ber vi om at ein tek inn eit kulepunkt som presiserer at sentera skal ta vare på kulturmiljø og kulturlandskap og utviklast med omsyn til det historiske utviklinga av området.*
9. *Under punkt 6.2 Prinsipp for etablering av bustad nummer to på gardsbruk, må konkretiserast slik at føremålet om ivaretaking av sårbare kulturminne kjem eintydig fram.*

Samandrag

Samfunnsdelen til Alver kommune er på høyring, under mottoet **Vår kommune, vår framtid**.

Plandokumentet er kortfatta og oversiktleg, og har fire hovudmål som vert følgd opp av delmål og strategiar: 1; *Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn*, 2; *Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge*, 3; *Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga*, og 4; *Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.*

Samfunnsdelen inneheld og overordna arealstrategiar med føringar for arealdelen. Men kommunen viser ikkje til eit styringssystem som skal sikra kopling mellom samfunnsdelen til andre planar og satsingar, eller prioriteringar i økonomiplanen. Etter fylkesdirektøren si vurdering svarar planen greitt

på utfordringsbilete i kommunen og regionen, og har strategiar for å følgje opp måla. Men vi rår kommunen til å vere enda meir ambisiøs med klimamålsettingar gjennom konkrete utslippsmål og betre avklarte arealstrategiar, for å bidra til styrkinga av naturmangfald, grøn omstilling og lag-utslippsamfunnet.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Paal Fosdal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

Høyringsutkast kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 - Alver kommune

Innspel til oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 - Alver kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sin viktigaste overordna plan. Den handlar om kva kommunen skal satse på, og vil vere førande for kommunen sitt planarbeid og verksemd. Alver kommune har lagt utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel til offentleg ettersyn, og fylkesutvalet vedtek fråsegn til utkast av plan. Fylkeskommunen ga innspel til melding om oppstart og utkast av planprogram som var på høyring våren 2020, og planprogrammet blei diskutert i regionalt planforum i mars 2020.

Vedtakskompetanse

Etter «Reglement for folkevalde organ og delegering» punkt 41 om plan- og bygningslova, er det fylkesutvalet som har mynde til kome med uttale til utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vurderingar og verknader

Mål for utviklinga

Planen gjer greie for kva som er særskilte utfordringar i kommunen, og nemner blant anna spreidd busetjing, store avstandar og bilbasert transport, og ei aldrande befolkning. Det vert og trekt fram at kommunen har høg verdiskaping, hovudsakeleg knytt til petroleumsverksemd, men svak arbeidsplassvekst, og at Alver er ein av Vestlands største landbrukskommunar.

Det er utarbeida følgjande 4 hovudmål for utviklinga i kommunen: **1; Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn, 2; Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge, 3; Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga, og 4; Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.**

Dei fire måla har tilhøyrande delmål («slik vil vi ha det») og strategiar («slik gjer vi det»), og under kvart mål er det og knytt til relevante berekraftsmål, som vi kjem nærare attende til.

Kommentar til hovudmål og vegval:

- Sidan klimasatsinga er ein viktig del av hovudmål 1, bør kommunen endre definisjonen av hovudmålet for å vise dette, eller trekke ut klimasatsinga som eige hovudmål.
- Kommunen bør spesifisere konkret at dei også skal ta vare på og forvalte verdifulle kulturlandskap og kulturmiljø mot fysiske inngrep og utbygging under hovudmål 1.
- Vern av kulturmiljø er ein viktig del av eit berekraftig samfunn. Ei undersøking gjort av SINTEF viser at klimabelastninga vert redusert betydeleg når bygningar vert gjenbrukt samanlikna med å rive og bygge nytt. Ein av hovudkonklusjonane i rapporten er at rehabilitering og

ivaretaking av eksisterande bygningar påverkar miljøet halvparten så mykje som å rive og bygge nye. Ombruk av bygningar vil difor vere eit avgjerande bidrag i det grønne skiftet.

- Kommunen bør trekke fram og nemne *Nordhordland Biosfærområde* som eit fortrinn for eit berekraftig næringsutvikling i regionen.
- Kommunen kan sjå til [Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033](#) og nyleg vedteken handlingsprogram, kor det å bygge strategiske grønne knutepunkt gjennom industriell symbiose er særskilte satsingsområde.
- Vi rår og til å sjå på den nyleg utgitt rapporten [Grøn region Vestland](#) som skal avdekke verdikjeder og forretningsområde. Resultatet skal brukast som grunnlag når den regionale partnerskapen jobbar for å realisere potensialet for grøn omstilling i fylket.

Samanhengen i plansystemet

Det går ikkje tydeleg fram i planen korleis kommunen skal sikre gode koplingar frå overordna planar og til prioriteringar i handlingsprogram og økonomiplan. Det vert nemnd at kommunen skal samarbeide på tvers av fagområde for å koordinere tenester, men ikkje korleis.

Eit system som sikrar samanheng mellom planen, og særleg økonomiplanen, er avgjerande for å sikra at mål og strategiar i samfunnsdelen vert følgt opp og at planen vert eit godt styringsverktøy. Kommunelova opnar for at handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel kan vere integrert i økonomiplanen, ei løysing til dømes Øygarden kommune har valt. For å sikra at prioriteringar i økonomiplan og budsjettarbeidet til kommunen heng godt saman med mål og strategiar i samfunnsdelen, er det avgjerande å få dette på plass. På den måten kan ein synleggjere kva prioriteringar som vert gjort opp mot dei ulike satsingane, og det vert enklare å sjå om det ev. er område som ikkje vert følgt opp gjennom økonomiske prioriteringar.

Medverknad

Kommunen har gjennomført eit innovativt og omfattande medverknadsopplegg gjennom heile planprosessen, som tross pandemien har gitt over 1000 innspel frå innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar. Funn i medverknadsarbeidet er samla i ein rapport som har vore nytta i verkstadar med politikarar: Dei fekk mellom anna i oppgåve å prioritere dei fem viktigaste områda dei ønskte endringar innanfor, og diskuterte kva som var kommunen sitt handlingsrom til å gjennomføre endringane. Innspela frå dei politiske verkstadane oppsummerte kommunen i ein hovudanalyse som har vore grunnlaget for administrasjonen sitt forslag til mål og delmål i høyringsutkastet.

Vi saknar ei nærare samhandling med eldre, innvandrarar og profesjonelle kulturaktørar, m.a. musea i arbeid med samfunnsdelen. Det er bra at kommunen har gjort ei kulturundersøking blant innbyggjarane i 2019 for å styrke medverknad på dette feltet i samfunnsplanen.

Berekraft, klima og miljø

FN sine berekraftsmål er nemnd innleiingsvis, men det er ikkje nemnd nokre særskilte mål som kommunen vil arbeide med, eller korleis dei skal sikre måloppnåing. Det er ikkje negativt at kommunen ikkje har blinka seg ut nokre mål som dei særskilt vil jobbe med i planperioden, alle måla må sjåast i samanheng for å oppnå miljømessig, økonomisk og sosial berekraft. Måla er likevel noko overflatisk handsama, utan å verte referert til i målskildringa for kommunen.

Det finst program som til dømes FN-initiativet **United for Smart Sustainable Cities** (U4SSC) som kan støtte kommunar i å måle, utvikle og forbetre utviklinga mot ein meir berekraftig samfunnsutvikling. I Norge har Trondheim, Asker, Ålesund og Karmøy kommunar tatt dette verktøyet i bruk. Les meir om verktøyet som styringsreiskap på Asker kommune [sine heimesider her...](#) U4SSC har etablert et sett med nøkkelindikatorar, ofte omtalt som KPI. Indikatorane er utvikla for å gi byar/samfunn ein konsistent, etterprøvbar og standardisert metode for å samle data samt måle eigen prestasjon og utvikling. Denne gir grunnlag for måling over tid og samanlikning med andre byar/samfunn.

Kommunen har store og viktige natur- og rekreasjonsområde for eit stort nedslagsfelt, både lokalt og regionalt i høve verdiar for ålmenta. Det er viktig å forvalte desse områda for framtidige generasjonar, slik at ikkje presset blir for stort, og naturgrunnlaget tek skade. Klimaendringar og tap av biologisk mangfald er ei av dei største utfordringane vi har i dag, og her har kommunane som arealmynde ei sentral rolle. Lokalisering av større bustadområde, handel og arbeidsplassar vil til dømes ha innverknad på utslepp frå transport og behov for ny infrastruktur.

Gjennom skildringa av delmål under hovudmål 1, forstår vi at kommunen har ambisjonar om å utvikle strandsone og gje ålmenta tilgang, som er positivt. Vidare vert det fokus på utvikling av natur- og landbruksressursar, og det er nemnd at biologisk mangfald skal ivaretakast. Kommunen er del av Nordhordland sitt biosfæreområde, på Unescos biosfæreprogram. Det gjev forventningar til ambisjonsnivået når det gjeld forvaltning av areala i kommunen, som må følgjast opp i arealdelen. Då ville tydlegare arealstrategiar knytt til arealregnskap, ivaretaking av biologisk mangfald, naturrestaurering, osv. i samfunnsdelen vore ein fordel.

Klimaomstilling

I *Utviklingsplan for Vestland* er det sett mål om nullutslepp i Vestland innan 2030, og vi er avhengig av å ha med alle kommunar på laget for å nå målet. I samfunnsdelen er det ikkje sett konkrete mål til utsleppsreduksjon, men eit delmål er *reduksjon av klimagassutslepp*. Mykje av utsleppa i kommunen kjem frå petroleumsverksemda på Mongstad, som krev nasjonal støtte for omstilling. Men det frittek likevel ikkje kommunen frå å sette krav til eiga verksemd, lokalt næringsliv og innbyggjarar om å bidra til å utvikle lågutsleppsamfunnet.

Vi saknar omtale i planen knytt til korleis kommunen skal jobbe med klima og miljø, og kva rolle kommunen skal ta i arbeidet med klimaomstilling av samfunnet. Dette inkluderer både ambisiøse mål for utsleppsreduksjon og korleis kommunen skal jobbe for å sikre kommunesamfunnet frå klimaendringane. Difor vil vi oppmode om at samfunnsdelen har tydelegare mål for utslepp, klimatilpassing og energibruk.

Klimarekneskap og klimabudsjett

Klimarekneskap og klimabudsjett er ikkje nemnd. Vi rår til at dette enten vert tatt med i samfunnsdelen, eller i arbeidet med klimaplan. Dette sikrar oppfølging og rapportering knytt til klimamåla som blir sett. Klimarekneskap og -budsjett bør koplata til det årlege budsjettjulet.

Folkehelse

Alle kommunale planar skal, etter plan- og bygningslova, inkludere vurdering av omsyn til folkehelse der det er relevant. Det er positivt at kommunen vurderer folkehelseomsyn knytt til alle områda/hovudmåla i samfunnsdelen, og arbeider med å implementere folkehelsearbeid i det overordna planarbeidet.

Eit viktig omsyn er at samfunnsdelen skal fremje befolkninga si helse og motvirke sosiale helseforskjellar. Sjølv om dei sosiale helseforskjellane i kommunen ikkje avvik i stor grad frå landsnivå, er dette noko ein med fordel kan prioritere å arbeide med i åra som kjem. Særleg fordi kommunen har eit aukande del unge uføre, og denne auken har vore sterkare i Alver enn i landet generelt (i følgje kommunen si folkehelseoversikt 2020).

Samfunnsdelen bør ha føringar om universell utforming. Kommunen nemner dette i tilknytning til prinsipp for arealbruk, kvalitetskrav til bustadområde. Universell utforming burde og inkluderast i prinsipp for offentlege tenester/tilbod og prinsipp for senterutvikling.

Utvikling av kommunen sine definerte senter føler i stor grad nærleiksprinsippet, kor bustad, handel, tenestetilbod, kontorarbeidsplassar, kulturhus, svømmehallar m.m. ligg i nærleiken av kvarandre. Dette er med på å leggje til rette for ein aldersvennleg sentrumsstruktur med varierte bustadtilbod som oppmodar til sosial og fysisk aktivitet.

Arealstrategiar med senterstruktur

Kapittel 6 handlar om arealstrategiar med forslag til senterstruktur. Arealstrategiane skal leggja føringar for arealdelen, og seier noko om korleis arealbruken skal bidra til å nå måla og strategiane i samfunnsdelen. Senterstrukturen er i fire nivå: Region- og kommunesenter Knarvik, lokalsentre; Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet, samt nærsentra Alversund, Myking, Seim, Vikebø og Bøvågen.

Kommunen har ein spreidd busetnad som strekk seg utover Holsnøy, Radøy og Lindås og dette gjer kollektivbetening og tilrettelegging for mjuke trafikantar ressurskrevjande. Difor er det viktig at kommunen legg tydlege arealprinsipp til grunn i det vidare arbeidet med utviklinga av kommunen. Senterstrukturen vil påverke kvar kommunen prioriterer å gjennomføre offentlege investeringar i tenestetilbod og infrastruktur. Intensjonen i ny senterstruktur er å få ein senterstruktur som er tilpassa

busettingsmønsteret, gjev flest mogleg av innbyggjarane nærleik til eit senter, samstundes som det samla talet på senter ikkje vert for høgt. Basert på vurderinga av nye nærsenter opp i mot fastsette kriterier, er det lagt inn tre nye nærsenter. Med denne senterstrukturen bur 80 % av innbyggjarane i Alver innanfor ein 5 km radius til eit definert senter:



Figur 1 Illustrasjon over senterstruktur

Vi stør kommunen i deira vurderingar kring utval av senterområde og funksjonen av desse: Lokalsenter har ulike funksjonar, handel og tenester, idrett- og kulturtilbod som er dimensjonert for eit større lokalområde i kommunen. Eit lokalsenter kan innehalde meir enn 3.000 m² bruksareal for detaljhandel og har fleire funksjonar enn eit nærsenter.

Nærsenter er eit mindre senter med opptil 3.000 m² samla bruksareal for detaljhandel. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarebutikk, private og offentlege helse- og velvære tenester, idrett- og kulturtilbod som dimensjonert for nærmiljøet.

Daglegvarehandel inntil 3000 m² kan bli lokalisert utanfor sentera i område med høg bustadkonsentrasjon og i tilknytning til bygdene. Handel, der vareutvalet i hovudsak er store varer, som biler, båtar, landbruksmaskiner, trelast, byggevarer og hagesenter, er ikkje rekna med i dei tillatte handelsareala i sentera. Fylkesdirektøren vil rå til at dei nemnde unntaksvarerne vert lokalisert utanfor senterområda.

Det er positivt at kommunen vil vidareutvikla eksisterande utbyggingsstruktur i kommunen, med eit fokus på korte avstandar til kvardagsfunksjonar, rekreasjonsområde og effektive mobilitetsløyser. Senterstrukturen skal vera eit verktøy for å ta vare på identitet og særtrekk. Her er det viktig å ta med kulturminne og kulturmiljø, som ein faktor som bidreg til å bygge og vidareføre lokalt særpreg og ein særeigen identitet.

Det er og bra at planen set kvalitetskrav til sentera og har fokus på å utvikle gode møteplassar. Utfordringa for kommunen blir å følgje opp dei gode intensjonane med bindande føringar og krav i arealdelen (KPA), samt sikre at utstrekninga til senterområda ikkje vert for store. Då vert det igjen vanskeleg å sikre «rett funksjon til rett plass». Kommunen kan i arbeidet med KPA legge opp til fleire felt med sentrumsformål innanfor same senter, med ulikt handlingsrom og føringar knytt til typologi, kvalitet, skala, kvalitet på bygningar og uterom.

Samordna areal- og transportplanlegging

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er nemnd som ramme for arbeidet, men planen nemner ikkje at kommunen er part i *Miljøløftet* eller *Byvekstavtalen* for Bergen og kommunane omkring. Det inneber mellom anna at det i by- og tettstadsområde og rundt kollektivknutepunkt skal leggast særleg vekt på høg arealutnytting, fortetting og transformasjon, samt legge til rette for kollektivtransport, sykkel og gange som transportform. For å nå dette målet er arealbruk og tilrettelegging for bruk av miljøvennlege transportformer eit heilt sentralt verkemiddel.

Difor bør kommunen vere varsam med å legge til rette for arealmessige store senterområde, og spreidd bustadbygging. Det er ressurskrevjande å drifte eit kollektivtilbod når passasjerane er få og spreidd over eit større område. Tilsvarande er det krevjande å sikre gode løysingar for mjuke trafikantar når busetnaden er spreidd og vegnettet utstrekt. Eit bustadområde, handel- og

tenestetilbod bør ikkje ligge lenger enn 500 meter frå ein haldeplass dersom kollektivtilbodet skal vere eit attraktivt og reelt alternativ til bruk av personbil, jf. regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015). Vi vil oppmode kommunen om å avgrense sentersonene i samsvar med retningslinjer i regional plan for senter i Hordaland i kart og/eller arealstrategi i samfunnsdelen.

Det er viktig at arealstrategiane vert lagt til grunn for arbeidet når ein startar prosessen med arealdelen. Dette kan òg gjere arbeidet med arealdelen meir føreseieleg for høyringspartar som har innspel til planarbeidet og gi signal til kva dei kan forvente når innspela vert handsama. Nokre av arealstrategiane er av generell karakter, og kan derfor vere vanskeleg å overføre til plankart og føringar i arealdelen. Det er viktig at dei meir generelle strategiane vert «omsett» og tydeleggjort som reelle føringar i arbeidet med arealplanen.

Under punkt 6.2 om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging legg kommunen til grunn gode prinsipp om samordna utbyggingsmønster og transportsystem, krav til vurdering av areal for fortetting, utviding og transformasjon før ein tar i bruk ubebygd areal, og at ny utbygging er tilpassa eksisterande og/eller planlagt kapasitet på offentlege tenester, tilbod og teknisk infrastruktur. Dette er tre gode punkt som vi meiner er viktig for den vidare arealutviklinga i kommunen. Det er viktig å sjå heilheita i utviklinga og arealbruken.

Samstundes kan desse prinsippa komme i konflikt med andre prinsipp knytt til ny busetnad. Under prinsipp for bustadutvikling legg kommunen til grunn at dei skal ha størst bustadvekst i dei definerte sentra, men i tillegg ønskjer å ta vare på og styrke kvaliteten som ligg i det å ha spreidd busetnad og skal legge til rette for bustadutvikling i heile kommunen. Prinsippa for bustadutvikling er motstridande i det at dei både skal sikre vekst i senterområda, og legge til rette for bustadutvikling i heile kommunen. Bustadreserven i Alver er slik vi kjenner til allereie svært god, så vi vil oppfordre Alver til å gå gjennom reguleringsplanar og sjå om det er behov for oppgradering eller oppheving av eldre reguleringsplanar i arbeidet med KPA. Tilbakeføring vil både spare ubebygd landbruks- og grønne areal, men og kunne styrke utviklinga i definerte senterområde, som til dømes Knarvik.

Eit av måla under punkt 5.2 er *Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging i alle bygder i heile kommunen*. Dette meiner vi er noko motstridande med prinsippet under punkt 6.2 som seier *Vi skal vidareutvikle, fortette og bygge på eksisterande bustadområde, framfor å etablere nye bustadområde på ubebygd areal*.

Vi meiner omfang av spreidd busetnad bør avgrensast for å følgje opp målsetjingar om nullvekst i biltrafikk og mindre nedbygging av landbruks- og naturareal. Ei arealutvikling som legg opp til auka bruk av privatbil gjer det krevjande å legge til rette for dei miljøvennlege transportalternativa.

Prinsippet *Vi skal legge til rette for at ny utvikling i hovudsak skal skje i tilknytning til eksisterande bebygde areal, skule og barnehage*, er eit godt punkt. Då legg ein til rette for å kunne sikre gode løysingar for mjuke trafikantar, og då spesielt born og unge, som skal ferdast til og frå skule og fritidsaktivitetar. Det er positivt at sentra skal ha samanhengande gang- og sykkeltilbod (trygg ferdseil er nemnd som eit av måla for vidare utvikling, som er eit viktig punkt for mjuke trafikantar.

Vi er positive til at det vert lagt vekt på kollektivpunkt og at kommunen vil legge til rette for innfartsparkering, slik at ein legg til rette for at fleire kan reise meir kollektivt og styrke kollektivtransporten. Innfartsparkering bør ikkje beslaglegge areal i sentrumsområde som er betre egna til andre formål. Det vil likevel vera mange som er avhengige av å køyre bil i kommunen, og Alver vil legge til rette for etablering av offentlege tilgjengelege ladestasjonar for nullutsleppkøyretøy. Ein må likevel sikre kollektivtilbodet for dei som bur lengre vekk frå sentra.

Under hovudmål 2 står det at kommunen vil oppnå *arealintensiv næring ligg langs hovudvegnettet*. Det står så at dette skal gjerast med fortetting og utvikling av eksisterande næringsområde. Vi rår til at planlegging for lokalisering av ny, arealintensiv næring nær hovudvegnett bør skje i samråd med vegmyndigheiter.

Avslutningsvis i planen har Alver med oppfølgingsoppgåver frå samfunnsdelen som skal vurderast i arbeidet med arealdelen. Her meiner vi at kommunen også bør legge til fokuset på trygg skuleveg og tilbod for mjuke trafikantar. Sjølv om tanken er at mange vil bu nær sentra i kommunen, så må ein likevel legge til rette for dei som ikkje bur så nær sentra, og vil/må ferdast utan eigen bil. For prinsippet

om *legge vekt på effektiv og sikker trafikkavvikling i planlegginga*, under punkt 6.2, vi rår til at det skal vera ekstra fokus på mjuke trafikantar.

Vi meiner at å ha rekkjefølgjekrav til opparbeiding av gang- og sykkelveg eller tilbod for mjuke trafikantar i nye utbyggingsområde og område rundt skular er noko som er viktig for å sikre trafikktryggleiken for denne gruppa. Dette er noko vi meiner må takast med og følgjast opp i vidare planlegging mot kommuneplanens arealdel.

Trafikktryggleik er viktig for mjuke trafikantar og særleg for born og unge. Dette er teke med som prinsipp under fleire punkt som gjeld arealutvikling og transportløyisingar. For oss som vegeigar- og forvaltar er det viktig at det er stort fokus på trafikktryggleik og ferdsle som legg grunnlaget for ein god infrastruktur i kommunen.

Kultur, idrett og inkludering

Eit av hovudmåla i planen er å ha eit rikt og inkluderande kulturliv som drivkraft i samfunnsutviklinga. Dette stør mål og strategiar i dei gjeldande regionale planane på feltet. Den overordna kulturplanlegginga skjer i samfunnsdelen. Alver har fått på plass ein samfunnsdel som samlar den nye kommunen om felles overordna mål og strategiar som er gode og dekkande frå eit kultur-, idrett- og inkluderingsperspektiv.

Regionale føringar

Gjeldande regional plan på kulturfeltet Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, bør omtalast. Vi gjer merksam på at planprogram for ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland er vedteke og planen vert ferdig i løpet av 2022.

Vi viser vidare til Vestland fylkeskommune sitt vedtekne dokument; *Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar*, som gir føringar for den generelle anleggsutviklinga i fylket.

Kommentarar til mål og delmål

- Hovudmål 3 er positivt og stør opp under fleire regionale mål og strategiar på kulturfeltet. Det lokale idrettsliv er eit viktig bidragsytar, og kommunen bør vurdere å justera overskrifta til dette målet til: «Alver har eit rikt og inkluderande kultur- og idrettsliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga»
- Det er lagt ned eit stort arbeid med å utarbeidd kulturminneplanar i tidlegare Radøy. Lindås har og ein kulturminneplan og arbeidet var godt i gong i Meland. Samfunnsdelen bør vise til dette arbeidet og forankre kulturminne og kulturarv som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga i samfunnsplanen.
- Klimatiltak som omfattar idretts- og friluftslivsanlegg bør takast med. Ein strategi for å ta i bruk miljøvennlege løysingar på idretts- og friluftsanlegg der det let seg gjere kan vere aktuelt. På kunstgrasbaner må ein etter kvart innføre avbøtande tiltak ved rehabilitering dersom gummigranulat skal brukast.
- Alver er godt i gang med plan for friluftslivets ferdselsårer og det vil jo kunne nyttast som eit grunnlag for å nå dei måla som kommunen har sett seg om rekreasjon og friluftsliv.
- Vi rår til at kommunen startar arbeidet med eit kommunal frivilligpolitikk i lag med frivillig sektor.

Arealstrategi - Prinsipp for arealbruk

Det er positivt at kommunen presiserer at ein skal ta omsyn til blant anna kulturminne, kulturmiljø og estetikk/arkitektur i prinsippa for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging. Dette bør også innførast som prinsipp for senterutvikling, der kulturminne og kulturmiljø ikkje er nemnt. Mange av senterområda har utvikla seg over lang tid, og såleis ber i seg ein stor tidsdjupne med eit mangfaldig kulturmiljø. Det er viktig å ivareta element frå ulike tidsperiodar, samt at ein tek omsyn til kulturminne og kulturlandskap som eksisterer i dei ulike senterområda. Kulturminne og kulturmiljø er ein faktor som bidreg til å byggje og vidareføre lokalt særpreg og ein særeigen identitet.

Under punkt 6.3 «Kvalitetar i sentera» ber vi om at ein tek inn eit kulepunkt som presiserer at sentera skal ta vare på kulturmiljø og kulturlandskap, og utviklast med omsyn til det historiske utviklinga av området

Når det gjeld bustadutvikling, så vil vi påpeike at følgjande prinsipp må konkretiserast slik at føremålet kjem klarare fram: "Vi skal legge til rette for at ein kan etablere bustadhus nr to på gardsbruk som har eller planlegg for aktiv drift. Gjeld både når eksisterande hus ikkje er eigna som bustadhus (ikkje møter moderne krav) og ved generasjonsskifte." Føremålet med formuleringa er ifølgje Alver kommune å ivareta kulturminne og kulturmiljø som er under press, slik som til dømes gamle lemstover på eldre bruk. Prinsippet må formulerast på ein slik måte at dette kjem eintydig fram at ein ynskjer å ivareta sårbare kulturminne.»

Vi ber om at prinsipp for etablering av bustad nummer to på gardsbruk, må konkretiserast slik at føremålet om ivaretaking av sårbare kulturminne kjem eintydig fram.

Handlingsplan

Dei tre gamle kommunane hadde ei rekke detaljerte temaplanar innan kultur, kulturarv, idrett og friluftsliv som var styrande for aktivitet innafor desse områda. Det er ikkje utarbeid ei handlingsdel til samfunnsplanen som viser når og korleis kommunen skal ta stilling til tidlegare satsingar i temaplanar og/eller konkretisere korleis strategiane i samfunnsplanen vert oppfylt. Prosessen vidare bør synleggjerast i ei handlingsdel av samfunnsplanen.

Framtidig handlingsplan bør ha fokus på kommunen sine eigne tilbod innan den kulturelle grunnmuren. Korleis kan ein utvikle og styrke kulturskule, kulturhus og møteplassar, nærfriluftsliv, bibliotek, den kulturelle skulesekken, fritidsaktivitetar til å bidra enda betre til gode lokalsamfunn? Korleis kan kommunen samhandlar med frivillig sektor, med profesjonelle kunst- og kulturaktørar og bruke kulturarven til å utvikle eit best mogleg samfunn for alle?

Inkludering og integrering

Det er positivt at inkludering er nemnd i fleire av tema i samfunnsdelen. Det er viktig å skape inkluderande og opne lokalsamfunn, med brei deltaking i samfunn- og arbeidsliv. Å nå målet om å få fleire innvandrarar i arbeid krev eit tettare samarbeid mellom introduksjonsprogrammet, nav, vaksenopplæring, dei vidaregåande skulane og næringsliv lokalt. Samfunnsdelen bør konkretisere korleis kommunen kan bidra til å løyse desse utfordringane.

Vassforvaltning

Kommunen har eit særskild viktig ansvar for å følgje opp vassforvaltninga. Av den grunn har fylkeskommunen, som vassregionmynde, fokus på at miljømåla i regional plan for vassforvaltning er godt forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel, j fr vassforskrifta § 29. For Alver kommune er det Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 som skal leggest til grunn. Forvaltningsplanen vil bli erstatta av Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027, som skal godkjennast våren 2022, og er nok i praksis meir nyttig for kommunen å ta utgangspunkt i. Begge planane finn ein her: www.vannportalen.no/vannregioner/vestland/

I vassforvaltningsplanen går det fram miljømål for alle vassdrag og ein kan i utgangspunktet ikkje planleggje tiltak som gjer at miljømåla ikkje vert nådd. Samfunnsdelen er viktig strategi for arealforvaltninga i kommunen og det bør gå tydeleg fram korleis kommunen har tenkt å sikre gode miljøforhold i og langs vassdraga og vere juridisk bindande.

I samfunnsdelen er det lista opp rammer for arbeidet og viktige bakgrunnsdokument, men fylkeskommunen kan ikkje sjå at regional plan for vassforvaltning er lagt til grunn slik det er forventa av vassforskrifta § 29 siste ledd: *Godkjente forvaltningsplaner skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i vannregionen, jamfør plan- og bygningsloven §8-2.*

Det er positivt at kommunen har som prinsipp for bustadutvikling «Offentleg vass- og avløpsanlegg eller godkjente private avløp», og «berekraftig arealbruk og forvaltning av kyst og sjø» under prinsipp for strandsoneforvaltninga. Likevel er inntrykket til fylkeskommunen at vassforvaltning er lite vektlagt i samfunnsdelen.

Eigedom

Av dei anlegga vi har i kommunen er det ikkje planlagt endring av bruksområdet for nokon av dei.

Om arbeidet med samfunnsdelen skulle vise seg å få følgjer for våre eigedomar, ber vi om å verte kontakta. Utover det vil det vere naturleg at Eigedomsavdelinga involverer seg sterkare i arbeidet med arealdelen. Dette fordi bussanlegg, tomt og skule i Knarvik lenge har hatt areal / soner som er bandlagt i vegprosjekt som ikkje er realisert, og som gjer det vanskeleg å utvikle eigedomane over tid.

Økonomi: Saka har ingen direkte verknadar for fylkeskommunal økonomi.

Klima: Samfunnsdelen har ingen direkte verknadar på målet om å redusere utsleppa av klimagassar i Vestland. Men planen er med på å setje føringar for korleis og kor bustader, næring og kontor kan etablere seg, og korleis ein forflytter seg mellom målpunkta, og unngår å bygge ned urørt natur. Planen bør knytast nærare opp mot økonomiplan og styringssystemet for å sikre gjennomføringskraft, klimatilpassing, og sette kommunen i stand til å nå våre felles klimamål.

Folkehelse: Samfunnsdelen er med på å sjå dei ulike verksemdsområda til kommunen i samanheng, og medverke til at det vert lettare å jobbe tverrsektorielt med folkehelse og inkludering.

Utviklingsplan for Vestland: Planutkastet nemner FN sine berekraftsmål, men tek ikkje direkte utgangspunkt i Utviklingsplanen. Planutkastet tek likevel opp og diskuterer eit breitt utval av ulike samfunnsoppgåver og samanfallande mål som Utviklingsplanen, og er eit grunnlag for kommunen til å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland.

Konklusjon

Kommunen har lagt fram eit plandokument som er kortfatta og oversiktleg. Planframlegget har tydelege mål og strategiar for å sikre ei berekraftig utvikling, skape gode kvardagsliv og omstille industrien. Fylkeskommunen rår til at kommunen vidareutviklar eit styringssystemet, for å sikre gjennomføring og forankring. Vi rår og til at det vert sett konkrete utslippsmål på CO2-utslepp og at arealstrategiane vert meir konkretiserte, for å unngå målkonfliktar, og felles mål om utsleppsreduksjon og betre forhold for naturmangfaldet. Eit av hovudmåla i planen er å ha eit rikt og inkluderande kulturliv som drivkraft i samfunnsutviklinga. Dette stør opp om mål og strategiar i dei gjeldande regionale planane på feltet.